



ÅLESUND KOMMUNE

Bekymringsfullt skolefråvær

Rettleiar for førebygging og tverrfagleg samhandling



Innhald

Om denne rettleiaren	3
Kva er bekymringsfullt fråvær?	4
Ombegrepsavklaring	5
Når skolefråvær blir ei bekymring	6
Risiko- og beskyttelsesfaktorar	7
Tidlige tegn og faresignaler	8
Fråværets funksjon og årsak	9
Den onde sirkelen.....	10
Førebygging av bekymringsfullt skolefråvær	11
Elevens sitt psykososiale miljø	11
Samarbeid mellom skole og heim	12
Tilpassa opplæring/ individuell tilrettelegging	14
Trinnplan for oppfølging og intervensjon ved bekymringsfullt fråvær	15
Det universelle nivået.....	17
Trinn I – bekymring for elevens fråvær	17
Trinn II – Framleis bekymring	18
Kven kan ein be om hjelp?	18
Trinn III – fleirfagleg ressursgruppe	20
Støttehefte for arbeid med bekymringsfullt skolefråvær.....	21

Generelt om informasjonsinnhenting, kartlegging og planlegging av tiltak	22
Kommunens verdier	23
Kartlegging av forhold ved elevens skolekvardag	24
Forslag til kartleggingsverktøy av det psykososiale miljøet i klassa	24
Samtale med eleven	25
Rammer for samtalen	26
Samtale med føresatte	27
Eleven si deltakelse i møte	28
Samarbeidsavtale	29
Litteraturliste	30
Vedlegg	31
Vedlegg 1 - Kartlegging av skolesituasjon	31
Vedlegg 2 - Anonym spørjeundersøking om klassemiljø	33
Vedlegg 3 - Kartlegging av klassens sosiale miljø	34
Vedlegg 4 - Sjekkliste for informasjon frå eleven	35
Vedlegg 5 - Sjekkliste for informasjon frå føresatte	37
Vedlegg 6 - Invitasjon og agenda for samarbeidsmøte	39
Vedlegg 7 - Mal for samarbeidsavtale	40
Vedlegg 8 - Evaluering av samarbeidsavtale	42

Bekymringsfullt skolefråvær

Rettleiar for tidleg intervensjon og tverrfagleg samhandling i Ålesund kommune

Om denne rettleiaren

Barn og unge i Noreg har plikt og rett til grunnskoleopplæring. Nokre gonger opplever barn likevel store vanskar med å komme seg til skolen, eller med å halde ut skoledagen. Dette kan skape ein svært krevjande situasjon både for barnet, familien og for skolen. For eleven kan det få alvorlege konsekvensar både fagleg og sosialt, og det kan gå ut over den psykiske helse med isolasjon, svekka sjølvkjensle og einsemd.

Det kan vere mange og samansette grunnar til skolefråværet. Uavhengig av årsak, er relasjonar ofte det viktigaste for å klare å møte opp og å vere på skolen for dei aller fleste barn og unge. Dette inkluderer både relasjonar til jamaldra, til lærarar og til føresette. Eit godt miljø med vaksne som er relasjonelt til stades, er derfor grunnleggande i vegen tilbake.

Ansaret for eleven si grunnskoleopplæring er fordelt mellom dei føresette og skolen. Foreldreansaret inneber at føresette må sørge for at barna får den opplæringa dei har plikt og rett til. Foreldre kan velje om barna skal delta i offentleg grunnskole, privat grunnskole eller privat heimeundervisning. I tillegg til å velje på kva måte plikta og retten til opplæring oppfyllest er det foreldra sitt ansvar at barna fysisk møter opp og deltar i undervisninga. Skolen har plikt til å samarbeide med dei føresette om dette, og har eit oppfølgingsansvar dersom ein elev ikkje møter på skolen. Skolen skal sørge for å skape eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skolen har også ansvar for å støtte dei føresette ved å gi dei innsikt, informasjon og å involvere dei i det som angår deira barn, for å sette dei

i stand til å ta ansvar for barna sine. Det at både foreldre og skole har ansvar for eleven sin skolegang gjer at dette blir eit felles prosjekt rundt eleven.

Ved bekymringsfullt skolefråvær er eit samarbeid mellom skole og heim ekstra viktig. Dette fellesskapet mellom skole og heim kan skape ei drivkraft i arbeidet med å hjelpe eleven til å komme tilbake til skolen eller på annan måte få tilstrekkeleg opplæring.

Når eit barn har bekymringsfullt fråvær, kan det vere nødvendig at andre instansar bidrar inn i samarbeidet rundt barnet. Det kan vere helsesjukepleiar ved skolen, pedagogisk-psykologisk teneste eller kommunehelse-tenesta. I nokre tilfelle har også barneverntenesta og BUP ei rolle i samarbeidet rundt eleven når det gjeld fråværsproblematikk.

Stort skolefråvær fører ofte til nye belastningar, og derfor må det å komme raskt på bana med noko som hjelper vere ei prioritert oppgåve for alle som har ansvar for barnet si opplæring og skolegang. Denne rettleiaren skal gjere det tydeleg kva for tiltak som bør settast i verk ved bekymringsfullt fråvær hos barn og unge, kven som har ansvar for kva, og om - og når andre instansar bør involverast i samarbeidet.

Kva er bekymringsfullt skolefråvær?

Skolefråvær er enten ikkje dokumentert eller dokumentert. Vi omtalar ofte fråvær som gyldig fråvær og ugyldig fråvær. I dette ligg det ei forståing av kva som er gyldige, altså godtekne og aksepterte, grunnar til fråvær.

Eksempel på gyldig fråvær som er dokumentert kan vere sjukdom stadfesta av føresett eller lege, time hos lege eller tannlege, religiøse heilag-dagar, kriser i familien eller at eleven har fått innvilga permisjon frå skolen (i inntil 2 veker). Udokumentert fråvær er alt fråvær som eleven ikkje har dokumentasjon på. I praksis sidestillast ofte gyldig fråvær med dokumentert fråvær og ugyldig fråvær med udokumentert fråvær. Ei utfordring ein kan møte på når det gjeld bekymringsfullt skolefråvær, er dei tilfella der ugyldig fråvær blir dokumentert og legitimert som gyldig fråvær. Dette kan til dømes vere dersom føresette eller lege har dokumentert og legitimert «diffuse plager» på ein slik måte at det blir ein lav terskel for at eleven blir vekke frå skolen. Med dette meiner ein plager der det å vere vekke frå skolen i liten grad hjelper eller faktisk er nødvendig. Ikkje sjeldan blir den skjønsmessige vurderinga av kva som er gyldig og ugyldig grunn til fråvær ei kime til konflikt mellom skole og heim. Dette kan skuldast ulike haldningar til kva det vil seie å vere sjuk, men også ulik haldning til kor viktig skole og utdanning er. Nokre foreldre opplever at skolen i seg sjølv er det som skaper vanskar for barnet og forsøker i beste meining å beskytte eller hjelpe barnet ved å la han/ho vere heime.

Det kan nokre gonger vere vanskeleg å vurdere om barnet er «friskt nok» til å gå på skolen. Kva legg ein til dømes i omgrepet «lett forkjøling» mot «kraftig forkjøling»? Nokre barn vil vere svært medtatte og slappe også utan feber, medan andre har feber og knapt kjenner seg sjuke. Det vil alltid vere individuelle og familiære skilnadar mellom oppleving av både somatisk og psykisk helse. Det er difor vanskeleg for skoleeigar å lage absolutte

reglar. Hovudregelen er likevel at omsynet til forverring av eigen sjukdom og risikoen for å smitte andre veg tyngst. Nokre gonger vil bekymring og uro hos barnet skape fysiske, men gjerne diffuse plager som til dømes hovudverk, magesmerter, kvalme. To ulike barn kan fortelje om nøyaktig same symptom, der det for eitt barn kan handle om ein reaksjon på at ein gruar seg til å gå på skolen eller noko som er vanskeleg heime, men for eit anna barn kan årsaka vere at det er starten på ei kraftig forkjøling eller annan somatisk sjukdom. Dette er ikkje alltid lett å skilje på, og ein må sjå etter mønster i fråværet og ikkje minst tidleg legge merke til bekymringsfullt fråvær. Dokumentasjonen på fråvær og gode rutinar ved skolen for føring av fråvær er avgjerande i slike vurderingar. Dette er nødvendig både for å fange opp bekymringsfullt fråvær, men også for å kunne vurdere kva som skal gjerast vidare for å sikre at barnet får riktig hjelp.



Omgrepsavklaring

I litteraturen om skolefråvær brukast det ofte ulike omgrep om kvarandre. Definisjonane av dei ulike omgrepa er ofte i stor grad overlappende, samtidig som dei skil ut ulike område eller utfordringar innan skolefråvær (til dømes skolevegning, skoleangst, skolefobi, skolenekt, skulk osv.).

I Ålesund kommune har vi valt å bruke omgrepet bekymringsfullt fråvær når vi snakkar om skolefråværsproblematikk. Dette er eit paraplyomgrep som rommar alt fråvær som gjer oss bekymra, uavhengig av årsaksforklaring eller dokumentasjon. Alle skolar har plikt til å loggføre nærvære og fråvær på skolen, dette gjeld alle elevar, alltid. Når fråvær gjer oss bekymra treng vi meir enn loggføring, vi må handle. Det å handle tidleg i fråværet vil betydeleg auke mogelegheita for å lykkast. Dersom vi har ulike prosedyrar for ulike årsaker til fråvær krev det at vi forstår kva fråværet handlar om før vi handlar. Det krev og at ein må gjere seg kjend med - og god på fleire prosedyrar. Dette gjer oss mindre handlekraftige. Ein felles rettleiar for alt-bekymringsfullt fråvær vil ikkje seie at ein går bort frå individuell tilpassing.

Trinnplanen i rettleiaren er lik for alle typar fråvær, men tiltaka bør vere skreddarsaum tilpassa den enkelte elev, samt situasjonen og systemet rundt eleven. Dette gjeld også tempoet på tilbakeføring og forventningane til den enkelte elev.

I det førebyggjande arbeidet på skolen kan det vere nyttig å ha kjennskap til ulike former for fråværsproblematikk. Dette er for å kunne vere årvaken nok til å fange opp dei tidlege teikna også før det utviklar seg til bekymringsfullt fråvær. Særleg vil det gjelde dei elevane som har åtferdsmønster og utfordringar som liknar det som i litteraturen ofte blir omtala som skolevegning/skoleangst. Det er mykje nyttig kunnskap i forskning og litteratur om skolevegning. Fallgruva med dette omgrepet er at det lett kan bli sett på som ein eigen tilstand. Dette bidrar til at mykje av fokus rettast mot eleven aleine, og med det vil ein lett kunne oversjå mogelege underliggjande årsaker i systemet rundt eleven (skolemiljø, lærevanskar, heimeforhold, samarbeid mellom skole og heim).



Når skolefråvær blir til ei bekymring

Vanskar med å møte på skolen startar gjerne i det små, med fråvær frå timar, delar av dagen eller enkelttimar. Dei som har forska på fråværsproblematikk (her definert som skolevegring) viser til at dette er noko som kan oppstå gjennom heile den opplæringspliktige alderen, frå 1 -10.

trinn. Det er også vist særleg auka risiko i samband med skolestart og overgangar, slik som med overgangen til ungdomsskolen, ved skolebytte og etter feriar eller sjukefråvær (Ingul 2005).

Oppmøte på skolen er stressande og eleven har påskot for ikkje å delta	Gjentekne episodar med vegrings- åtferd på morgonen, der eleven prøver å unngå skolen	Gjentekne episodar der eleven kjem for seint til skolen	Periodevis fråvær eller fråvær i enkelte timar	Gjentakande fråværsdagar eller fråvær i timar kombinert med oppmøte	Fullstendig fråvær i ein bestemt periode av skoleåret	Totalt fråvær frå skolen over en lengre periode
--	---	---	--	---	---	---

Tabell 1: Denne tabellen viser korleis fråværsproblematikk kan utvikle seg.

For å kunne unngå at skolefråvær blir til eit vedvarande og øydeleggende problem for eleven sitt emosjonelle, sosiale og faglege utbytte av skolekvardagen har vi i Ålesund kommune definert følgande forhold som utløysande for bekymring og handling.

- Har udokumentert fråvær (1 enkelttime eller meir)
- Kjem ofte for seint til skolen eller undervisningstimar (3 forseintkommingar på ein månad)
- Har høgt dokumentert fråvær (10 dagar eller meir i halvåret)
- Møter opp på skolen men forlet den igjen

Risiko- og beskyttelsesfaktorar

Årsakene til fråværsproblematikk er gjerne samansette og mangfaldige der forhold ved både individ og miljø gjensidig påverkar kvarandre. Nedanfor

følgjer eksempel på risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar i forhold til utvikling av bekymringsfullt fråvær.

	Risikofaktorar	Beskyttelsesfaktorar
Faktorar hos eleven	• Sårbar for stress • Sjenert og innertervend • Psykiske vanskar • Bekymring for andre ting enn skole • Lav sosial kompetanse • Manglande tilhøyrsl • Få/ingen vennar	• God sosial kompetanse • Prososiale ferdigheiter • Minst ein god venn • Gode meistringsstrategiar • Positivt sjølvbilde • Skolefagleg meistring
Faktorar ved familien	• Samspelsvanskar i familien • Psykisk liding hos føresette • Manglande grensesetting • Lite sosialt nettverk • Einslege foreldre • Føresette med eigne negative erfaringar knytt til skole	• God psykisk helse hos føresette • Tydeleg grensesetting • Aktiv involvering i barnet sin skolekvardag • Støttande sosialt nettverk • Godt samarbeid mellom heim og skole
Faktorar ved skole	• Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær • Høgt lærarfråvær • Dårleg klasse- og læringsmiljø • Liten kompetanse på psykiske vanskar • Lite tilpassa opplæring • Lite føreseieleg undervisning	• Godt system for registrering og oppfølging av fråvær • Tydeleg klasseleiing • Tilpassa opplæring • Trygg og god relasjon mellom lærar og elev og mellom elevane • Interne støttesystem • Tidleg involvering av andre aktørar • Handlingskompetanse på intervensjon ved bekymringsfullt fråvær

Tabell 2: Oversikt over risiko- og beskyttelsesfaktorar som har sammenheng med skolefråvær.

Attgitt fra Øvre Eiker kommune sin veileder «Bekymringsfullt skolefråvær» (2016).

Tidlege teikn og faresignaler

Kontaktlærar eller andre vaksne på skolen som har ein god relasjon til eleven og kjenner eleven godt, vil lettare kunne plukke opp tidlege teikn eller faresignal om at ein elev kan komme til å få problem med nærvære på skolen. Endring i ein elev si åtferd (uavhengig kva åtferda er) bør gjere vaksne på skolen ekstra årvakne. Typiske teikn og faresignal kan mellom anna vere:

- Lite interesse og motivasjon for skolearbeid og lekser
- Opposisjonell åtferd og trass
- Trekkast mot andre stimulerande og appellerande aktivitetar utanfor skolen
- Klagar ofte på kvalme, hovudverk eller magesmerter (diffuse somatiske symptom) som går over så snart ein slepp å dra på skolen
- Strevar med sosial tilpassing
- Mobbehistorikk

Vi har allereie nemnt viktigheita av å handle, reagere og agere. Ei utålmodigheit for positiv endring på vegner av barn og ungdom er viktig. Samtidig må vi passe på at ikkje utålmodigheita overdøyver barnet si stemme. Ein anerkjend amerikansk barnepsykolog (Ross Greene) har eit mantra som seier at «barn gjer det bra, om dei kan». Dette er viktig å ha med seg når ein skal prøve å forstå noko om kva som ligg bak bekymringsfullt skolefråvær. Særleg for dei elevane der fråværet har sett seg, har vart ved i tid og har stort omfang. Når ein i litteraturen bruker omgrepet skolevegring så handlar det om elevar som vil gå på skolen, men ikkje klarer det. Det er elevar som er interesserte i skolearbeidet og ønsker å gå på skolen, men dei klarar ikkje å gå. Skolevegring definerast då gjerne som «vanskar med å møte på skolen som følgje av eit emosjonelt ubehag». Desse elevane kan få negative kjensler berre ved tanken på at dei skal gå til skolen. Sidan dei har eit emosjonelt ubehag, vil det å unngå skolen føre til at dei slepp dei vonde kjenslene som

skolen fører med seg. Foreldre til barn og unge med bekymringsfullt fråvær veit som oftast kor barna er, og dei strevar ofte med å få barna på skolen. Barna er oftare introverte og stille, flinke og pliktoppfyllande, har sjeldnare åtferdsvanskar, blir lettare oversett og blir ofte oppdaga etter at vanskane har vart ei stund. Dei har eit intenst ubehag og ein motvilje mot å gå på skolen, er oftare emosjonelt sensitive, har angstrelaterte og fysiologiske symptom, og dei er oftare generelt meir motiverte for den skolefaglege delen av skolekvardagen enn dei elevane med stort fråvær utan typisk vegringsåtferd.

Elevar med vegringsåtferd kan oppleve ulike typar angst. Bekymringsfullt skolefråvær kan også oppstå utan at angst er til stades, om skolemiljøet er negativt nok. Dette kan til dømes vere i tilfelle der eleven strevar med sosial tilpassing eller har vore utsett for mobbing.

Bekymringsfullt fråvær kan utvikle seg frå det å skuldast ei enkelt-hending eller ein situasjon i skolen, til ei meir generell vegring for skolen, som gir meir uklare og samansette grunnar til fråværet. Vidare kan faktorar i skolen eller faktorar heime vere med på å oppretthalde fråværet.



Fråværet sin funksjon og årsak

Vi skal sjå nærare på kva funksjonar bekymringsfullt fråvær har for eleven. Kva er grunnane til at eleven har vanskar med å komme på skolen, og kva som opprettheld åtferda.

Unngåings- og vegringsåtferd kan ha fleire funksjonar hos den enkelte elev, og det er derfor viktig at skolen eller eventuelt andre hjelpeinstansar kart-

legg mogelege årsaker til eleven sitt høge fråvær for å kunne sette i verk riktige og nødvendige tiltak. Ein kan dele inn dei ulike funksjonane fråværet har i faktorar for å unngå, som «dyttar» eleven ut frå skolen, og faktorar for å oppnå, som «trekker» eleven mot heimen. Vanlegvis vil det vere ein kombinasjon av dei ulike faktorane som opptrer samtidig.

UNNGÅING Flukt frå ubehagelege kjensler	UNNGÅING Flukt frå skremmande situasjonar
OPPNÅING Oppnå merksemd frå foreldre eller andre viktige personar	OPPNÅING Oppnå forsterkarar/gode utanfor skolen


Tabell 3: Ulike faktorar i fråværet sin funksjon.



Den vonde sirkelen

Ein av de viktigaste oppretthaldande faktorane ved bekymringsfullt fråvær er det å vere borte frå skolen. Fråvær over tid kan føre til at eleven blir sosialt isolert og mistar tilhøyrse til jamaldra. Eleven blir gjerne hengande etter med skolearbeidet og utviklar negative tankar om det å vere på skolen.

Over tid utviklar eleven auka angst og ei kjensle av å komme til kort. Desse konsekvensane av fråvær gjer det vanskelegare og vanskelegare for eleven å komme tilbake til skolen.



Figur 1: Den vonde sirkelen ved alvorleg fråværsproblematikk. Her illustrert frå Oslo kommune sin rettleiar «Skolevegring – en praktisk og faglig veileder (2009)». Opphavleg henta frå modell av Thambirajah et al. (2008).

Førebygging av bekymringsfullt skolefråvær

Førebygging handlar om å sette i gang tiltak som kan gjere at ein kjem føre ei uheldig utvikling. Det vil dreie seg om å forsterke dei positive faktorene som finst, og handlar om universelle tiltak som rettar seg mot alle elevane på ein skole, eit trinn, ei klasse eller mot utsette elevgrupper.

Dei førebyggjande tiltaka vil i stor grad gå inn som ein del av den generelle tilrettelegginga for alle elevar på skolen, slik som til dømes systemisk arbeid med å utvikle eit godt psykososialt miljø og fokus på klasseleiing.

Eleven sitt psykososiale miljø

Skolen kan på fleire måtar bidra til å førebygge bekymringsfullt skolefråvær. Alle elevar har ein lovfesta rett til eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø (Opplæringslova § 9A-1). Denne føresegna i opplæringslova understrekar at det avgjerande er kva for ein verknad skolemiljøet har på elevane, og ikkje om bestemte forhold ved miljøet tilfredsstiller reint målbare verdiar. Med psykososialt miljø meiner ein dei mellommenneskelege relasjonane på skolen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet oppfattar dette. Arbeid med å fremme eit godt psykososialt miljø blant elevane kan bidra til å førebygge bekymringsfullt fråvær. Aktuelle tiltak rettar seg mot å førebygge mobbing, auke elevane sin sosiale kompetanse, samt å auke trivsel og tilhørse på skolen. Dette er eit arbeid som kvar enkelt skole kontinuerleg driv med, ut frå eigne planar for eit trygt og godt skolemiljø.

Ein av dei viktige fagpersonane i feltet som omhandlar skolefråvær er Trude Havik. Ho har i sitt arbeid brukt omgrepet skolevegning, men dette er likevel relevant for alle typar bekymringsfullt fråvær. I doktorgradsarbeidet sitt har Havik (2015) undersøkt korleis forhold i skolen påverkar skolevegning. Ho

finn at forholdet til medelevar er avgjerande for utvikling av skolevegning. På barnetrinnet er det å bli mobba ein svært stor risikofaktor for fråvær knytt til skolevegning, mens det er ein moderat samanheng på ungdomstrinnet. Havik (2015) fann at læraren si klasseleiing, i form av kontroll og relasjonar til den enkelte elev, synast å ha ei direkte rolle for både vegningsrelatert og skulkelatert fråvær blant elevar på ungdomstrinnet. Vidare viser funna at læraren kan førebygge skolevegning gjennom å arbeide med klassemiljøet, regulere relasjonane mellom elevane og ved å førebygge mobbing.

Funna viser at forhold ved skolen kan utgjere viktige risikofaktorar for fråvær, uavhengig av om eleven er emosjonelt sensitiv og uavhengig av kvaliteten på oppfølginga frå heimen. Havik understrekar at det er viktig å ta tak med ein gong ein elev viser teikn til skolevegning. Mellom anna bør det straks kartleggast kva som kan vere mogelege forhold ved skolen som kan påverke negativt når eit barn viser teikn til skolevegning (Havik 2015). Det finst



ei rekke ulike skoleomfattande program for å fremje eit godt læringsmiljø og prososial åtferd for elevar i risiko for negativ utvikling. Ei oversikt over anbefalte program og skildring av desse finst på nettsidene til læringsmiljø-senteret, forebygging.no og utdanningsdirektoratet.

Samarbeid mellom skole og heim

Uavhengig av dei direkte grunnane til at barnet har bekymringsfullt fråvær, så kjem det ofte til uttrykk ved at barnet manglar tryggleik. Noko har utløyst ei kjensle av at det ikkje er trygt å vere på skolen. Men det er ikkje berre barnet som treng tryggleik. Foreldra må vite at barnet er trygt for å sende barnet til skolen. Vidare må lærarane vere trygge. Det må leggest til rette for at lærarane kan arbeide med å vidareutvikle samarbeidsevner, kompetanse og ei heilskapleg forståing av utfordringane kring frávær-problematikk. I tillegg er det sentralt at lærarane får arbeide i ein kontekst der tid til samarbeid blir prioritert. Dei må få vere ein del av ein skolekultur som har rutinar og eit erfaringsgrunnlag som blir delt blant dei tilsette. Skoleleiinga må vere trygge på sine tilsette og sette samarbeid på dagsorden.

I eit samarbeid ved bekymringsfullt fråvær er det viktig å bli einige om felles mål og ein plan for tiltak. I enkelte tilfelle vil skole og heim ha ulike forklaringsmodellar for kva som ligg bak eleven sine vanskar. Skolen, som den profesjonelle part, har eit ekstra ansvar for å oppretthalde samarbeidet og styrke positiv utvikling.

Det er viktig å lytte til barna og hjelpe dei med å få oversikt og kontroll over situasjonen, noko som fremjast ved eit tett samarbeid. Det er viktig for barna at dei vaksne rundt kan stå i usikkerheita saman med dei.

Læreplanverket presiserer at samarbeidet mellom skole og heim er sentralt i forhold til å skape gode læringsvilkår for den enkelte og eit godt læringsmiljø i gruppa og på skolen. Ein føresetnad for godt samarbeid er god

kommunikasjon. Samarbeidet mellom skole og heim er eit gjensidig ansvar, men skolen skal ta initiativ og legge til rette for samarbeidet.

Under følger eksempel på aktuelle tiltak for å fremje eit godt samarbeid knytt til førebygging av fråvær:

- Etablere rutinar og kompetanse for å møte føresette som treng ulik tilnærming.
- Vektlegge å skape ein open og anerkjennande dialog med foreldra gjennom telefonkontakt, uformelle samtalar og på konferansar.
- Gi informasjon til føresette om rutinar for registrering og oppfølging av fråvær.
- Ha ein open dialog med foreldra på foreldremøte knytt til kva som er gyldig og ugyldig fråvær.
- Involvere foreldra i tema som omhandlar elevane sitt psykososiale miljø, trivsel og læring. Dette kan mellom anna gå føre seg på foreldresamtalar, foreldremøte og i foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) /skolemiljøutvalet (SMU).

Den avgjerande faktoren for at tiltak skal lykkast er samarbeid mellom dei involverte. Ein samarbeidsavtale som gjer det klart kven som skal gjere kva og når, blir dermed viktig. Det skal derfor utarbeidast ein samarbeidsavtale på trinn I (sjå vedlegg 7). Den skal sikre at kvar enkelt gjer sin del.

Samarbeidsavtalen tar utgangspunkt i eit langsiktig mål. Delmål med tilhøyrande tiltak er avgjerande for å nå det langsiktige målet. Det er viktig at alle involverte partar (også eleven) både er einige om det langsiktige målet

og alle delmåla. Ofte går ikkje alt heilt som planlagt, derfor er det tilrådd at ein har tenkt gjennom ein plan B for nokre av dei mest sentrale tiltaka i den aktuelle samarbeidsavtalen. Til dømes dersom det er eleven sitt ansvar å ta bussen til skolen dei dagane han/ho skal møte. Ein aktuell plan B kan då vere at dersom eleven ikkje rekk bussen veit eleven at ein kan ringe til føresett som da køyrer eleven til skolen.



Tilpassa opplæring / individuell tilrettelegging

Alle elevar har rett på tilpassa opplæring innanfor den ordinære undervisninga. Tilpassingar kan til dømes vere alt frå justeringar i fagnivå eller korleis lærestoff presenterast, til eigne avtalar om eleven si deltaking i klasseromsundervisninga. Om tilpassingane for at ein elev skal få tilfredsstillande utbytte av opplæringa går utover det skolen kan klare innanfor dei ordinære rammene av undervisninga, må skolen saman med føresette vurdere tilvising til PPT.

Tilpassa opplæring er eit viktig vern for utvikling av bekymringsfullt skolefråvær. Tilpassa opplæring bygger på kunnskap om - og forståing av eleven sin personlegdom, strategiar og føresetnader for læring. Læringa skjer i området mellom det eleven allereie meistarar og det eleven må strekke seg mot for å kunne meistre på neste nivå. God tilpassa opplæring kan førebygge utvikling av bekymringsfullt fråvær fordi den tar utgangspunkt i elevar sine ulike behov, ferdigheiter og ståstad. Ei systematisk og vellukka tilpassa opplæring krev at læraren har god innsikt i elevane sine faglege og sosiale føresetnader. Pedagogisk kartlegging, dyktige lærarar, samarbeid med eleven og foreldra er suksesskriterier for å treffe med den tilpassa opplæringa og slik førebygge bekymringsfullt fråvær.



Trinnplan for oppfølging og intervensjon ved bekymringsfullt fråvær

Gode rutinar for registrering og oppfølging av fråvær er viktig både når det gjeld å fange opp elevar med bekymringsfullt fråvær tidleg og for å synleggjere for elevar og føresette at skolen er opptatt av nærvære. Mange elevar som utviklar eit bekymringsfullt fråvær av stort omfang, har over tid hatt sporadisk fråvær i form av enkelttimar eller dagar. Fråvær som varer over tid, fører ofte til at åtferda blir meir fastlåst, og tilleggsproblematikk kan oppstå. Det er derfor viktig at skolen, gjennom sine system for registrering av fråvær, tidleg fangar opp elevar som står i fare for å utvikle eit vedvarande og stort skolefråvær. Eit viktig prinsipp for intervensjon vil vere tett samarbeid mellom skole og heim, samt tidleg start av tiltak. Det er avgjerande at det også blir laga avtalar for å evaluere, saman med elev og føresette, om tiltaka faktisk hjelper på det vi ønsker å endre.

Rettleiaren inneheld ein trinnplan for oppfølging og intervensjon ved bekymringsfullt fråvær. Trinnplanen er tenkt som både ei retningslinje for når ein skal handle og eit verktøy for korleis skolen kan førebygge og fange opp bekymringsfullt skolefråvær. Det er vesentleg at den enkelte skole har rutinar for implementering av trinnplanen. Den bør vere innarbeidd i årshjulet til skolen som repetisjon for alle, og vere ein fast del av opplæringa for nyttilsette ved skolen. Trinnplanen blir ikkje meir nyttig enn det skolen sjølv gjer den til. Den må vere lett tilgjengeleg, følgast opp gjennom interne rutinar og gjerast kjend for heile personalet på skolen.

Trinnplanen er delt inn i følgande trinn:

Det universelle nivået omhandlar skolen sitt system for registrering og oppfølging av alt fråvær og rettar seg mot alle elevane på skolen.

Trinn I blir tatt i vare av eleven sin kontaktlærer og viser til tiltak som blir sett i gang ved første bekymring for eleven sitt fråvær eller for dei elevane der det kjem fram at eleven gruar seg til å dra på skolen.

Trinn II utvidar samarbeidet til at leiinga på skolen deltek i tillegg til kontaktlærer. Trinnet omhandlar prosedyrar som blir sett i verk om tiltaka på trinn I ikkje gir god nok effekt.

Trinn III blir gjennomført når samarbeidet rundt eleven vender seg til - og blir arbeidd vidare med i fleirfagleg ressursgruppe.

Fleirfagleg ressursgruppe er ei gruppe som trer inn når skolen og foreldre opplever at tiltaka i arbeidet ikkje fører fram og ein har behov for å trekke inn fleire fagområde i ein samla innsats. Gruppa har sitt mandat frå kommunalsjef for Opplæring og kommunalsjef for Barn, familie og integrering. Fleirfagleg ressursgruppe er samansett av personar frå Fagstab opplæring, PPT, Familiestøtte (med m.a. LOS), barnevernstenesta og helsestasjon (skolehelsetenesta). Skolen vender seg til kontaktperson i Fagstab opplæring.

I det følgjande presenterast dei ulike trinna, med utfyllande informasjon om

innhald og kva som skal gjerast for kvart trinn. Det er og laga ein tabell med oversikt over relevante samarbeidspartnarar for skole og heim når ein er bekymra for ein elev sitt skolefråvær. Dette er samarbeidspartnarar som ein aktivt må ta kontakt med og som er utanfor skolen. I tillegg er skolen sitt eige sosialpedagogiske personell som til dømes *sosiallærer* o.l., og skolehelsetenesta ved *helsesjukepleiar* sjølvskrivne samarbeidspartnarar når det gjeld desse elevane. Dersom det er elevar på ungdomstrinnet, kan ein også oppmode eleven til å ta kontakt med helsestasjon for ungdom (lågterskeltilbod for ungdom mellom 13 - 25 år).



Det universelle nivået

Skolen sine faste rutinar for registrering av nærvære og fråvær.

Ansvar ved skolen: Kontaktlærer og faglærarar

- Det registrerast dagleg nærvære og fråvær. Ein er gjennom registre ringa merksam på om det viser seg eit mønster i gjentakande fråvær (f.eks. alltid fråvær frå kroppsøving).
- Har ein elev udokumentert fråvær frå enkelttimar, kontaktast føresette.

- Dersom skolen ikkje har motteke informasjon frå føresette om fråvær, etterspørjast dette.

Ansvar føresatte:

- Føresette leverer melding til skolen ved alle typar fråvær. Dersom eleven har 3 dagar eller meir samanhengande fråvær, informerer føresette skolen om årsaka til fråværet.

Trinn I – bekymring for elevens fravær

Ansvar ved skolen: Kontaktlærer eller faglærer

Kontaktlærer og/eller faglærer skal bli bekymra om:

- Ein ser gjennom registreringsrutinar i det universelle nivået at eleven:
 - ofte kjem for seint til skolen eller til undervisningstimar (3 forseintkommingar på ein månad)
 - møter opp på skolen, men forlet den igjen
 - har eit høgt fråvær som ikkje skuldast openberre årsaker (9-10 dagar over ein periode på 3 månader eller mindre).
 - har fleire tilfelle av udokumentert fråvær den siste månaden

Når ein ser eitt eller fleire av desse punkta skal kontaktlærer og/eller faglærer informere skoleleiinga om fråværet. Saman med leiinga skal ein legge ein plan for vidare oppfølging.

Oppfølgingsplanen bør innehalde:

- Samtale og kartlegging
 - Kontaktlærer gjennomfører, så fort som mogeleg, ein samtale med eleven og føresette (seinast ila 7 dagar). Samtalen kan også gjennomførast av andre vaksne ved skolen dersom ein vurderer det som mest hensiktsmessig.
 - Det gjennomførast kartlegging av eleven sitt læringsmiljø og psykososiale miljø.
- Tiltak dokumenterast i samarbeidsavtalen
 - Tiltak blir sett i verk i medhald av samarbeidsavtalen
- Tidsperspektiv for varigheit av tiltak og avtale for evaluering
 - Tiltak prøvast ut i opp til to veker før dei blir evaluert.

Samarbeidsavtalen skal evaluerast, også om tiltaka har effekt og skal vidareførast.

Trinn II – Framleis bekymring

Om tiltaka på trinn I ikkje gir tilfredsstillande effekt og eleven framleis har eit bekymringsfullt fråvær.

Ansvar ved skolen: Skoleleiinga

- Skolen kallar inn føresette, og ev. eleven, til utvida samarbeidsmøte innan 1 veke etter samarbeidsavtalen i trinn I er evaluert.
- Ved utvida samarbeidsmøte deltek representant frå skolen sitt sosialpedagogiske team/spesialpedagogiske team samt skolehelsetene-
sta i tillegg til representant frå skoleleiinga og eleven sin kontaktlærar.

- Fråværet og tiltak som er sett i verk så langt, samanfattast, blir evaluert og ev. justert.
- Det avklarast om det er behov for å vende seg til fleirfagleg ressursgruppe eller om det er behov for tilvising til andre hjelpeinstansar (PPT, fastlege, Familiestøtte, BUP eller barnevernstenesta).
- Om teamet rundt eleven vender seg til fleirfagleg ressursgruppe eller tilviser til andre hjelpeinstansar, skal møtereferat og samarbeidsavtalar leggjast ved som dokumentasjon.

Kven kan ein be om hjelp?

Kven:	Aktuelt om:	Korleis:
Flerfagleg ressursgruppe	Det er behov for rettleiing i samarbeidet fordi: - gjentekne samarbeidsmøte og samarbeidsavtalar ikkje har ført til positiv endring for eleven. - det er utfordringar eller store ueinigheiter i samarbeidet rundt eleven .	Skolen tar kontakt med representant i fleirfagleg ressursgruppe og melder saken opp til drøfting. Ut i frå drøftingsmøte blir det avgjort kva for bistand fleirfagleg ressursgruppe skal bidra med i det vidare samarbeidet.
Pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT)	Ein mistenker at: - fagvanskar ligg til grunn for eleven sitt fråvær. - fagvanskar er ei oppretthaldande årsak til fråværet. - fråværet går ut over eleven si faglege fungering i eit slikt omfang at han/ho ikkje lengre har tilfredsstillande utbytte av undervisninga. - Eleven har sosiale utfordringar som kan ligge til grunn for fråværet. - Eleven har behov for tilrettelegging utanfor ordinær tilpassa undervisning.	Eleven og aktuell situasjon drøftast med PP-rådgivar knytt til skolen for å kunne vurdere om det er riktig å tilvise, samt kva som bør leggjast ved tilvisinga. PP-rådgivar kan då også komme med anbefalingar for midlertidige tiltak som bør settast i verk medan ein ventar på sakkunnig vurdering. Skolen tilviser, med føresette sitt samtykke.

forts. neste side.

Kven:	Aktuelt om:	Korleis:
Familiestøttande tenester	- Ved mistanke om at eleven er utsett for vald, seksuelle overgrep eller anna omsorgssvikt gjeld meldeplikta. - Om foreldre sjølv uttrykker bekymring, eller samarbeidspartnarar rundt eleven er bekymra for at foreldra ikkje er i stand til å ivareta sine omsorgsoppgåver for eleven.	Eleven og aktuell situasjon drøftast med representant frå mottaksteamet, LOS eller avdelingsleiar. Føresette må samtykke til tilvisinga. Om eleven er 16 år og helserettsleg myndig, må også eleven sjølv samtykke. Ein blir einige, på utvida samarbeidsmøte, om kven som fyller ut tilvisingsskjema.
Barnevernstenesta	Ved mistanke om at eleven er utsatt for vold, seksuelle overgrep eller annen omsorgssvikt gjelder meldeplikten. Dersom foreldre selv uttrykker eller samarbeidspartnere rundt eleven er bekymret for at foreldrene ikke er i stand til å ivareta sine omsorgsoppgaver overfor eleven.	Meldeplikta er eit personleg ansvar. Dersom fleire av skolen sine tilsette er bekymra, kan skolen sende ei samla bekymringsmelding. Dersom fleire av samarbeidspartnarane rundt eleven er bekymra, bør kvar enkelt part sende bekymringsmelding for å kunne sette lys på ulike perspektiv. Sjå kontaktinformasjon og utfyllande informasjon om bekymringsmelding på kommunen eller Bufdir sine nettsider. Føresette kan også sjølv ta kontakt med barnevernstenesta.
Fastlege	Dersom det er behov for å utelate eller vidare greie ut mogeleg somatiske årsaker til diffuse plager eller ein mistenker at det kan ligge helsemessige årsaker til grunn for eleven sitt fråvær. Dette kan vere lave vitaminverdiar, søvnevanskar, mistanke om sjukdom osv.	Føresette tar kontakt med eleven sitt fastlegekontor for å bestille time til undersøking.
BUP	Skolefråvær eller vegring for skolen gir ikkje rett til helsehjelp i spesialisthelsetenesta. Tilvising til BUP er aktuelt ved mistanke om moderat til alvorleg psykisk sjukdom. Tiltak i førstelinja skal ha vore prøvd ut på førehand, med mindre det gjeld akutt bekymring for liv og helse. Helsetilstanden til eleven skal vere vurdert av lege før ein tilviser til BUP. Sjå helsedirektoratet sine nettsider for utfyllande informasjon.	Fastlege, psykolog eller barnevernsleiar kan tilvise til BUP. Tilvising må koordinerast, slik at både somatisk og psykisk helsetilstand er vurdert. Føresette må samtykke til tilvisinga dersom eleven er under 16 år. Dersom eleven er 16 år og helserettsleg myndig, kan eleven sjølv samtykke.

Trinn III – fleirfagleg ressursgruppe

Dette trinnet gjennomførast når samarbeidet rundt eleven vender seg til - og blir arbeidd vidare med i fleirfagleg ressursgruppe.

Det er i trinn II tatt kontakt med fleirfagleg ressursgruppe.

- Fleirfagleg ressursgruppe inviterer til samarbeidsmøte, der foreldre og kontaktlærer, saman med representant frå leiinga ved skolen og andre aktuelle samarbeidspartnarar deltek (helsesjukepleiar, PP-rådgivar osv.). Samarbeidsmøtet haldast innan 2-4 veker frå det er tatt kontakt med fleirfagleg ressursgruppe. Tidsfrist vurderast ut ifrå alvoret i saka og ut frå omfanget.

- I det første samarbeidsmøtet i fleirfagleg ressursgruppe gjennomførast ei systematisk kartlegging av moglege årsaker til fråværet,

moglege oppretthaldande faktorar, ressursar hos eleven og systemet rundt, samt kva for hjelpebehov som er til stades.

- Det utarbeidast tiltak på bakgrunn av kartlegginga. Skildring av tiltak, tidsfristar og ansvar for oppfølging av kvart enkelt tiltak dokumenterast i møtereferatet.

- Det blir tatt stilling til om det er behov for fleire møte. Eventuell ny innkalling med tid og stad avklarast i det aktuelle møtet og noterast i møtereferatet.

- Det blir fortløpande vurdert om det er behov for tilvising til andre instansar.

- Arbeid i fleirfagleg ressursgruppe kan vare i inntil 3 månader.



Støttehefte for arbeid med bekymringsfullt skolefråvær

Vedlegg til rettleiaren i Ålesund kommune

I rettleiaren viser ein til behovet for kartlegging og undersøking i oppfølginga av elevar som har eit bekymringsfullt fråvær. I tillegg vil ulike trinn innehalde ulike oppgåver eller handlingar. Dette støtteheftet er utvikla i håp om å kunne gi praktisk hjelp og støtte til kontaktlærar eller andre ressurspersonar ved skolen som har ansvar for oppfølging av eleven. Intensjonen er også å kunne styrke og sikre eit godt samarbeid mellom skole, heim og eventuelle samarbeidsinstansar gjennom praktiske verktøy.

Gi gjerne tilbakemeldingar og innspel til fleirfagleg ressursgruppe om erfaringar ved bruk, styrkar og svakheiter ved dei ulike vedlegga. Gjennom felles rutinar og bruk av rettleiaren ved alle skolar i kommunen vil ein kunne ha stor gevinst av å dra nytte av andre sine erfaringar. Saman blir vi betre!

Vedlegga i dette støtteheftet blir lagt inn som eigne dokument i Compilo.



Generelt om informasjonsinnhenting, kartlegging og planlegging av tiltak

For å kunne planlegge og gjennomføre gode tiltak ved bekymringsfullt fråvær må skolen gjere ei kartlegging av situasjonen. Informasjon kan hentast inn gjennom samtalar, observasjon og loggføring. Skolen vil i dei fleste tilfelle ha eit godt utgangspunkt for å gjennomføre ei kartlegging, fordi det allereie er etablert ein relasjon til eleven og familien til eleven. Ved behov kan skolen drøfte kartlegginga med relevante samarbeidspartnarar, bl.a. i ressursteam. Det er mogeleg å dele på arbeidsoppgåvene, for eksempel dersom eleven er tilvist til PPT.

Kartlegging og tiltak ved bekymringsfullt fråvær vil ofte overlappe kvarandre. For eksempel kan ei elevsamtale og samtale med føresette vere ledd i ei kartlegging, og samtidig vere viktige tiltak i seg sjølv, fordi dei bidrar til å bygge relasjonar og skape samarbeidsalliansar. Dersom kartlegging blir hindra eller tar lang tid, bør ein unngå å vente, men sette i gong tiltak parallelt. Tiltaka må då justerast ut frå ny informasjon som kjem fram undervegs.

Målet med ei kartlegging er mellom anna å:

- Avklare vanskebildet til eleven. Handlar fråværet om forhold ved eleven, skolesituasjonen eller er det andre mogelege forklaringsmodellar som passar betre?
- Samle informasjon om dei ulike faktorane ved eleven, skolen og heimen. Kva for styrker kan byggast vidare på? Kva for sårbarheiter finst? Korleis fungerer samarbeidet?
- Samanfatte informasjon som utgangspunkt for å lage ein plan for tiltaka.

Ved all bekymring for fråvær skal det gjennomførast samtalar med føresette og elev. Skole og føresette kan ha ulik oppleving av årsak til fråværet. Samtalen tar utgangspunkt i ei bekymring for eleven knytt til fråvær, uavhengig av årsak. *Hovudmålet for samtalen med eleven er å vise eleven at*

ein bryr seg og vil hjelpe. Ønsket er at ein gjennom å gjere dette, får tak i informasjon som kan hjelpe til å skape eit godt samarbeid rundt eleven og finne løysingar som kan auke nærvære og trivsel på skolen. Dette er også målet i samtalen med føresette. I tillegg ønsker ein å konkretisere forventningar og behov frå kvarandre i samarbeidet.



Kommunen sine verdier

Kommunens verdier	I møte med eleven tyder det...	I møte med foresatte tyder det...
Open	- å være meir opptatt av eleven si oppleving enn si eiga oppleving - å ha ei ikkje-dømmende haldning til eleven si forklaring - å godta at eleven kanskje ikkje veit kva det handlar om	- å godta at ein kan ha ulik forståing av utfordringane - å vere lyttande - å la foreldra vere ekspertar på sitt barn
Engasjert	- at ein sjølv oppsøker eleven - å gjere det ein har sagt - å vise håp om betring	- å vere opptatt av eleven sin kvardag både på og utanfor skolen - å konkretisere tiltak til gjennomførlege oppgåver - å sette ein tidsplan og rammer for samarbeidet
Modig	- å tørre å spørje også vanskelege spørsmål	- å be om hjelp når det er nødvendig



Kartlegging av forhold ved eleven sin skolekvardag

Når lærarar er bekymra for elevar sitt fråvær er det viktig at det blir gjort ei vurdering av kva slags skoletilbod eleven har. Dette inneber ei kartlegging av eleven sitt psykososiale miljø og faglege fungering. Skolen bør få ei oversikt over eleven sine relasjonar til dei vaksne på skolen, i og utanfor klassen, i tillegg til eleven sitt behov for tilrettelegging.

Vi veit at skolen sitt arbeid for eit trygt og inkluderande skole- og klasse-miljø utan mobbing er viktig for å førebygge fråvær. Derfor er det avgjerande at ein ikkje ventar med å kartlegge mogelege forårsakande eller oppretthaldande faktorar i skolen når det er grunn for bekymring knytt til skolefråvær. Ein bør særleg legge vekt på å undersøke klasseleiing, relasjon lærar-elev, relasjon til medelevar, grad av tryggleik og aksept i klassa. Mobbing kan vere vanskeleg å oppdage, og svært mange av elevane som blir mobba, seier ikkje ifrå om det som hender. Tilsette på skolen og andre vaksne i nærmiljøet må derfor undersøke om eleven sitt skolefråvær kan ha samanheng med det psykososiale miljøet på trinnet/skolen.

Forslag til kartleggingsverktøy av det psykososiale miljøet i klassa:

- Bruk resultata frå elevundersøkinga.
- Kartlegging med «Anonymt spørjeskjema om klasse miljø» og/eller «Kartlegging av klassa sitt sosiale miljø» (vedlegg 2 og 3). Her kan ein legge inn spørsmåla i klasse-trivsel.no for enklare gjennomføring og oversikt.
- Ved mistanke om at skolefråværet skuldast manglande trivsel / at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen, blir det anbefalt å ta kontakt med PPT for bistand i forhold til kartlegging og tiltak.
- Kontaktlærar må ta opp tema knytt til trivsel og trygt og godt skolemiljø i elevsamtalar, i foreldresamtalar og på foreldremøte.

Samtale med eleven

Ved bekymringsfullt fråvær vil elevsamtalen vere ein del av kartlegginga, men også eit viktig tiltak. Barn og unge har ein lovfesta rett til å bli høyrte og få uttale seg (Barnekonvensjonen artikkel 12). Deira meining skal også vektleggast. I kartlegginga fungerer elevsamtalen som ein informasjonskanal, og som tiltak vil den vere del av den generelle relasjonsskapande kontakten mellom lærar og elev. Ulike lærarar vil ha ulike måtar å samtale med elevar på, og det finst ingen fasit for dette. Det å bruke ei tilnærming som kjennast naturleg og komfortabel og å tilpasse seg eleven sin alder og individualitet er eit godt utgangspunkt for ein elevsamtale. Når ein skal snakke med barn og unge om ting som er vanskeleg, er det nokre særskilte utfordringar. Vidare skildrast rammer og formuleringar som kan vere nyttige for elevsamtalen ved bekymringsfullt fråvær.



Rammer for samtalen

Ein elevsamtale kan vere planlagt eller spontan. Dersom ein skal snakke om ting som kan vere vanskeleg for eleven, noko som gjerne er tilfelle ved fråværsproblematikk, skal ein vere i eit skjerma rom og ha nok tid. For nokre vil det vere nødvendig å bruke ein del tid på å bli kjent og snakke om daglegdagse ting før ein beveger seg over til spørsmål om det som er vanskeleg. Det å ta seg tid til ein samtale vil i seg sjølv vere positivt for relasjonen mellom lærar og elev. I dei tilfella der eleven ikkje er på skolen og føresette ikkje meistarar å få eleven til skolen bør kontaktlærar gjennomføre samtalen

heime hos eleven, også for å oppretthalde kontakt med eleven. «Sjekkliste for informasjon frå eleven» (vedlegg 4) gir ein peikepinn på kva for informasjon læraren bør søke å hente frå eleven i ein elevsamtale om bekymringsfullt fråvær. Forma på samtalen vil også vere viktig for at elevsamtalen skal fungere, både som relasjonsbyggjar og som informasjonskanal. Forma på samtalen skal underbygge eleven si oppleving av å bli sett og anerkjend, og bidra til at eleven klarer å formulere sitt perspektiv.

Nokre forslag til korleis ein kan ha ein samtale med elevar om vanskelege tema er:

- Still opne spørsmål som gir eleven moglegheit til å svare noko meir enn ja eller nei, og som er undrande både i innhald og måten dei blir presenterte på.
- Gi eleven nok tid til å svare og tol litt stillheit. Dette kan vere ei utfordring, særleg med elevar som er veldig stille og forsiktige.
- Når eleven har gitt eit svar; stopp opp og utforsk nærare det som er sagt, utan å måtte få fram eigne tankar og opplevingar.
- Summer opp det eleven seier med jamne mellomrom, og summer opp samtalen til slutt. Slik kan han/ho stadfeste om ein har oppfatta riktig, og eventuelt nyansere det.
- For å støtte eleven i å fortelje om situasjonar og opplevingar, er det nyttig å ta utgangspunkt i konkrete situasjonar. Jo yngre eleven er, jo meir konkrete bør spørsmåla vere.
- For å støtte eleven i å fortelje samanhengande, kan det vere nyttig å teikne opp ei skisse av det eleven fortel.
- For å støtte eleven i å uttrykke si eiga oppleving, kan det vere nyttig å presentere nokre alternative mogelege opplevingar og la eleven velje det som passar.
- For å få eit best mogeleg inntrykk av eleven si oppleving, kan det vere nyttig å bruke konkretiseringsmateriell som skalaar.
- Bruk nok tid til å fokusere på det som fungerer og kva som gjer at det fungerer.
- Fokuser på eleven si meistring i situasjonane som blir skildra.

Samtale med føresette

Dersom skolen eller føresette er bekymra for fråvær, skal det avtalast eit møte mellom kontaktlærar, eventuelt andre frå skolen, og føresette. Denne tidlege kontakten dannar grunnlaget for det vidare samarbeidet og vil ha fleire ulike formål. Det å bidra til å etablere ein god samarbeidsrelasjon er sentralt. Dette vil til dømes innebere å ta seg tid til å lytte til bekymringane til dei føresette og uttrykke støtte. Dersom skolen er bekymra for situasjonen, må føresette informerast om kva skolen er bekymra for og kva som er bakgrunnen. Bekymringa bør presenterast klart og opent og knytast til konkrete observasjonar i skolesituasjonen eller til samtalar med eleven.

Gi ei konkret orientering om omfanget av fråværet til eleven, og orienter om prosedyrane skolen har i forhold til skolefråvær. Informer om at skolen har ansvaret for at elevane har ein trygg og god skolekvardag, og at foreldra har ansvar for å sørge for at elevane kjem til skolen. Elevane har opplæringsplikt, og foreldra har ansvar for at skolen får gitt denne opplæringa. I tillegg vil det vere viktig å kartlegge situasjonen frå dei føresette sitt perspektiv og få deira innspel på mål, løysingsforslag og konkrete tiltak. Vedlegg 5 «Sjekkliste for informasjon frå føresette» kan brukast som utgangspunkt for samtalen.



Eleven si deltaking i møte

Ved bekymringsfullt fråvær bør dei som er involverte møtast jamleg for å planlegge og evaluere tiltak. Eleven kan vere med på møta under visse føresetnadar. Eleven må oppleve situasjonen som trygg og handterleg. For nokre elevar vil det vere formålstenleg å ha færrast mogeleg møte-deltakarar. Det skal ikkje vere usemje mellom møtedeltakarane og tonen i møtet skal vere høfleg og respektfull. Eleven kan uttale seg i møtet på eigne vegner eller bli representert av ein vaksen som har hatt samtalar med eleven om dette på førehand. Dersom eleven ikkje er til stades er det viktig at ein vaksen har kartlagt eleven sitt perspektiv og kan representere dette i møtet, og ikkje minst gi eleven ei tilbakemelding om det som er drøfta i møtet og kva som er planen vidare.

Formålet med eleven si deltaking er at:

- eleven blir høyrd og at eleven sitt perspektiv kjem fram (viser til hovudprinsippa i barnekonvensjonen).
- eleven får informasjon om tiltaka.
- eleven opplever at det er eit samarbeid rundt han/ho og at dei vaksne står saman om planen som blir lagt.



Samarbeidsavtale

Ein skal lage ein samarbeidsavtale i trinn I (og i dei vidare trinna) mellom skole, føresette, elev og eventuelt andre involverte partar. Ein slik avtale skaper ein føreseieleg situasjon for eleven, og gir ei kjensle av kontroll. Planen gjer dei felles måla og ansvarsfordelinga tydeleg. Det å skrive ein avtale kan vere ei god hjelp til å halde fast på eit framtidsretta og løysingsorientert fokus på møta. Partane må ikkje vere einige om forklaringa på utfordringa for å kunne lage ein slik plan saman. Planen kan vere utforma som ei kontrakt eller meir som eit arbeidsreiskap. Malen i vedlegg 7 kan brukast som utgangspunkt for ein samarbeidsavtale (og evaluering i vedlegg 8). Generelt om samarbeidsavtale er følgande moment viktig:

- Avtalen bør skrivast ned. Ein skriftleg avtale forpliktar i større grad enn ein munnleg avtale.
- Avtalen bør innehalde langsiktig mål og delmål. Ein må formulere målbare delmål slik at planen kan bli evaluert. Delmål kan formulerast

i form av ein opptappingsplan eller som gradvis aukande krav til eleven i skolesituasjonen.

- Planen bør inkludere eit tidsaspekt på gjennomføring av delmål, og ein bør gjere ein konkret avtale om neste møte/møteplan.
- Tiltak må bli tilpassa til situasjonen, den individuelle eleven og faktorar ved skole og heim.
- Ein bør utforme og gjennomføre planen med deltaking frå leing og ev. sosiallærer, kontaktlærer eller ein annan viktig vaksen for eleven på skolen, elev og føresette og ev. andre involverte partar. Ansvarsfordeling mellom dei involverte partane må vere tydeleg.
- Grad og form på deltaking frå eleven må bli tilpassa individuelt og ut frå alder. Det vil vere naturleg at eldre elevar har større grad av innverknad på utforminga av planen enn yngre elevar.



Avtalen skal seie noko om kva dei involverte partane gjer dersom nokre av trinna i planen mislykkast. Dette vil innebere ein plan for kommunikasjon mellom partane i slike situasjonar og eventuelt ein plan B.

Litteraturliste og nettressursar

Drammen kommune (2016): <https://docplayer.me/23858637-Bekymringsfullt-skolefravaer-veileder-for-tidlig-intervensjon-og-tverrfaglig-samhandling-i-drammen-kommune.html>

Havik, F. (2018). Skolefravær. Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 1.utgave, 2. opplag

Nittedal kommune (2010/2011): hver-dag-teller.pdf (nittedal.kommune.no)

Øvre Eiker kommune (2012): [Bekymringsfullt skolefravær](http://Bekymringsfullt-skolefravaer.pdf) (ovre-eiker.kommune.no)

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova). Lov av 17. juni 1998 nr.61.

Ingul, J.M (2005). Skolevegring hos barn og ungdom. I: Barn i Norge 2005. Se meg! Årsrapport om barn og unges psykiske helse. Oslo: Voksne for barn.

Oslo kommune, Utdanningsetaten (2009). Skolevegring. En praktisk og faglig veileder for grunnskolen i Oslo og skolens samarbeidspartnere. Oslo kommune, Utdanningsetaten.

Havik, Trude (2015). School non – attendance. A study of the role of school factors in school refusal. Doktoravhandling, Universitetet Stavanger.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>

<https://www.uis.no/nb/laeringsmiljosenteret>

<https://www.udir.no>

<http://www.forebygging.no/>

Tips om andre relevante fagressurser, nettsider:

<https://www.snakkemedbarn.no>

<https://www.livetogsann.no/>

Vedlegg 1

Kartlegging av skolesituasjon

Kartlegging av skolesituasjonen	Notatar
<i>(Lengde og hyppigheit av fråvær, fråværsmonster, heile dagar og/eller enkelttimar. Fråvær knytt til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. Mønster av vegringsåtfærd utan fråvær, dvs. at eleven prøver å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar.)</i> Har eleven tidlegare i løpet av skoletida hatt mykje fråvær eller vist vegringsåtfærd?	
Blir eleven plaga eller mobba på skolen, skolevegen eller fritida?	
Vurdering av skolefagleg og sosial kompetanse <i>Fag/område der eleven viser meistring og trivsel</i> <i>Fag/område der eleven har vanskar</i>	
Enkelsituasjonar der eleven klarer å møte på skolen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?	
Kva for viktige vaksenrelasjonar har eleven på skolen og korleis fungerer dei?	

forts. neste side

Kartlegging av skolesituasjonen	Notatar
Kva for viktige relasjonar har eleven til jamaldra på skolen?	
Er skolekvardagen organisert, strukturert og føreseieleg for eleven?	
Kva tiltak har vore prøvd ut på skolen og korleis har dette fungert?	
Kva tiltak er sett i gong i skole – heim samarbeidet og korleis har dette fungert?	
Forslag til tiltak	

Vedlegg 2

Anonym spørjeundersøking om klassemiljø

Nedanfor finn du tolv utsegn om forholda i di klasse. Sett kryss i den rubrikken som passar best for deg. Gi di oppriktige meining, ingen svar er rette eller gale.

Utsegn	Einig	Litt enig	Litt ueinig	Ueinig
Det er høgt verdsett og fint å hjelpe kvarandre med skolearbeid i denne klassa (unntatt når det er prøver).				
Berre nokre få elevar gjer det dei får beskjed om frå lærarane.				
Det er populært å vere fagleg flink eller få gode resultat i denne klassa.				
Det er lett å samarbeide med andre i denne klassa.				
Jentene i denne klassa gjer mykje for å skape eit godt fellesskap i for alle.				
Gutane i denne klassa gjer mykje for å skape eit godt fellesskap for alle.				
Å samarbeide med klassekameratane er fint.				
Det er populært å gjere det lærarane vil at vi skal gjere.				
Det er ein del klikker i denne klassa.				
Det er populært/vanleg/ lov til å gjere ting på sin eigen måte i denne klassa.				
Det er mykje uro og bråk i denne klassa.				
Det skjer at nokre blir mobba eller haldt utanfor i denne klassa.				

Vedlegg 3

Kartlegging av klassa sitt sosiale miljø

Kartlegging av skolesituasjonen	Einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
Eg har blitt vennar med mange i denne klassa.				
I denne klassa blir du godteken sjølv om du ikkje er like flink eller er litt annleis enn andre.				
Dei andre i klassa hjelper meg om det er noko eg ikkje får til eller ikkje skjønner.				
Klassekameratane bryr seg om korleis eg har det.				
Klassekameratane mine likar meg.				
Det er elevar i klassa som eg ikkje går så godt saman med.				

Vedlegg 4

Sjekkliste for informasjon frå eleven

Sjekkliste for informasjon frå eleven	Notatar
Kva fag, situasjonar eller aktivitetar på skolen er det eleven likar?	
Er det aktivitetar, fag eller situasjonar som eleven opplever som vanskelege eller ubehagelege? (<i>Lese høgt eller svare på spørsmål framom klassa, ha prøver, ha kroppsøving, fag der eleven må eksponere seg i ei gruppe, snakke med vaksne på skolen, be læraren om hjelp, jobbe saman med eller leike med medelevar, bruke toalettet på skolen, ete i klassa, dra heimanfrå om morgonen, forlate foreldra, skolevegen</i>)	
Har eleven vonde kjensler til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skolesituasjonen? Kva slags kjensler dreier det seg om? (<i>trist, redd, flau, nervøs, engsteleg, sint</i>)	
Har eleven negative tankar om nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skolesituasjonen? Kva er det eleven tenker? (<i>bekymringar, negative forventningar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg</i>)	
Har eleven andre bekymringar eller har eleven opplevd noko utanom skolesituasjonen som han/ho er opptatt av?	
Blir eleven plaga eller mobba på skolen, skolevegen eller i fritida?	
Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skolen i skoletida som gjer det freistande for eleven å ikkje møte opp? (<i>dataspel, møte venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime</i>)	

forts. neste side

Sjekkliste for informasjon frå eleven	Notatar
Kven av lærarar eller andre vaksne på skolen har eleven eit godt forhold til, ev. eit negativt forhold til?	
Situasjonar der eleven klarer å møte på skolen eller ta del i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva var det som gjorde at det gjekk bra?	
Er skolekvardagen oversiktleg og føreseieleg for eleven? <i>(Har eleven oversikt over skoledagen og skoleveka, kva for lærarar/assistentar som er inne i dei ulike timane, kven eleven kan gå til dersom det er behov for ein samtale, etc.)</i>	
Har eleven gode venner?	
Eleven sine ønsker og mål for korleis skolesituasjonen skal vere?	
Forslag til tiltak	

Vedlegg 5

Sjekkliste for informasjon frå føresatte

Sjekkliste for informasjon frå føresette	Notatar
Føresette si oppleving av eleven sin generelle trivsel, på skolen og i fritida?	
Korleis skildrar og forstår dei føresette vanskane til eleven? Tenker dei føresette det kan dreie seg om skolevegring eller er det andre forklaringar?	
Blir eleven plaga eller mobba på skolen, skolevegen eller fritida?	
Skildring av eventuell vegringsåtferd i heimen (<i>Er det vanskeleg å få eleven til å gjere seg klar til å gå på skolen om morgonen, har eleven fysiske plager i samband med krav om å møte på skolen, men elles er frisk</i>)	
Om eleven har fråvær, kva skjer i tida eleven er borte frå skolen? (<i>dataspel, besøk av familie, ekstra merksemd frå føresette, treff venner utanfor skolen, skolearbeid</i>)	
Helsemessige forhold som kan påverke eleven si fungering og fråvær (<i>eventuell sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst</i>)	
Har det skjedd plutslege endringar eller belastningar i familien som kan settast i samband med eleven sine vanskar? (<i>skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom o.l.</i>)	
Enkeltsituasjonar der eleven klarer å møte på skolen eller ta del i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva tankar har føresette om kva det var som gjorde at det gjekk bra i situasjonen?	

forts. neste side

Sjekkliste for informasjon frå føresette	Notatar
Føresette si ansvarsfordeling når det gjeld å følge opp skole og skoleoppmøte	
Eventuelle andre instansar som er involvert i familien.	
Eventuelle andre støttespelarar i nettverket til familien.	
Kva tiltak er forsøkt heime og korleis har dei fungert? (Morgonrutinar, bytte av roller mellom føresette, samtale med eleven)	
Føresette sine ønske og mål for eleven si framtidige fungering.	
Forslag til tiltak	

Vedlegg 6

Invitasjon og agenda for samarbeidsmøte

Invitasjon til møte i forbindelse med bekymringsfullt fravær

Bakgrunnen for møtet:

Til stades på møtet:

Tid:

Sted:

Agenda:

- Status no
 - o Kvar i trinnplanen er ein no?
 - o Behov for andre samarbeidspartnarar?
 - o Positive augeblikk/hendingar for eleven
- Evaluering av førre samarbeidsavtale og kommunikasjon mellom partane
- Eleven si stemme i møtet
- Utarbeide/justere ny samarbeidsplan
- Tidspunkt for neste evaluering og møte
 - o Gjere avtale for informasjon til - og involvering av eleven
- Eventuelt

Vedlegg 7

Samarbeidsavtale mellom elev, foreldre og evt. andre involverte

Klikk eller trykk i dei gule feltene for å skrive inn tekst)

Avtalen gjeld (elev, klasse skole)
Elevers navn:
Elevers klasse:
Eleven sin skole:
Til stades ved utarbeidinga:
Dato:
Mål for samarbeidet:
Spesifikke delmål for denne samarbeidsavtalen/perioden:
Skolens sitt ansvar:

forts. neste side

Foreldrenes sitt ansvar:

Elevens sitt ansvar:

Evt. andre involverte (og deira ansvar/oppgåver):

Plan B

Avtalen gjeld

Avtalen gjeld for dei neste _____ vekene

Den skal evaluerast: _____ (dato)

Signatur på avtale

Vedlegg 8

Evaluering av samarbeidsavtale *(Klikk eller trykk i dei gule feltene for å skrive inn tekst).*

Sted, dato:
Tilstades ved evalueringa:
Evaluering av mål:
Evaluering av tiltak:
Evaluering av plan B:

Basert på evalueringa er det avtalt følgende (kryss av):

☐ Det er ikkje lenger behov for systematisk oppfølging av skolefråvær.

ELLER

☐ Det blir utarbeidd ein ny samarbeidsavtale.

☐ Behov for vidare tilvising til f.eks. PPT, familiestøtte, BUP, barneverntenesta eller andre instansar er blitt vurdert.

☐ Saka blir meldt til fleirfagleg ressursgruppe for bekymringsfullt fråvær (stab Opplæring).

Signaturer på evaluering:
